

Vi inviterer
Voss, Evanger og Raundalen kyrkjelydar

KONF
IRM
AN

20 ✝ 19





Kvifor konfirmant?

Konfirmant?

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Tema vi skal utforske saman, er: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg bety noko for andre? Kven er Jesus?

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.



Ein SMAKEBIT av konfirmasjonstida for
8.-klassingane + informasjonsmøte om
konfirmasjon for ungdomane og dei føresette.

VANGSKYRKJA ONSDAG 30. MAI

Program:

Kl. 15:00-16:00: A, B og C klassen

Kl. 16:00-17:00: D, E og F klassen

Kl. 17:00-18:00: Alle konfirmantar og foreldre/føresette

Denne dagen får ungdomane ein smakebit på litt av det dei kan oppleve i konfirmasjonstida. Frå kl. 17:00 vert det praktisk informasjon om korleis konfirmantåret er tenkt og korleis ein melder seg på.

Informasjonsmøter

Det vert informasjonsmøte ved semesterstart haust og vår. Då får de vite endå meir om korleis året vert.

Det vert òg temamøte og informasjon om Fasteaksjonen og tida fram til konfirmasjon, i mars.

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmant. Det krevst ingen vedkjenning frå konfirmanten. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

Konfirmantavgift - ulike tilbod			
Refleks Ten Sing-konfirmant	1500 +	350	som vert å betala til Refleks
Golf-konfirmant	1500 +	500	som dekker golfopplæringa
KRIK-konfirmant	1500 +	300	som dekker reiser, mat og overnattingstur
Alle andre grupper	1500		

Alle prisane er med reise og opphald på Helgatun i januar.

(Skikort kjem i tillegg.)

Faktura vert send ut i september/oktober.



For å bli konfirmert i Den norske kyrkja skal ein vera med på 60 timar undervising i løpet av ca. 8 månader. Konfirmantane vel eit opplegg dei følgjer dette året. Undervisinga skjer i tilknytning til det opplegget konfirmanten vel. Sjå meir om kva du kan velje på dei neste sidene.

Noko undervising er felles for alle:

- Gudstenster: presentasjon, LysMesse, Ung messe m.fl.
- Temasamlingar og Fasteaksjon
- Konfirmantleir på Helgatun

Dåp av konfirmantar

For å verte konfirmert må ein vera døypt. Ungdomar som ikkje er døypt er velkomne til å vera med i konfirmantundervisinga og ta eit val ut frå det som skjer der. Dåp skjer etter avtale med dei det gjeld.

Presentasjonsgudstenester hausten 2018

Alle konfirmantar vert presenterte for kyrkjelyden sin på ei gudsteneste:

Vangskyrkja søndag 26. august kl. 11:00

Evanger kyrkje dato kjem.

Raundalskyrkja dato kjem.

Bibelsamling for **ALLE** konfirmantane i Vonheim
søndag 26. august kl. 12:30-15:00

Dette får du vere med på gjennom konfirmantåret

ARBEIDSFORM	ANTAL
Gudstenester	
• Presentasjonsgudsteneste	1
• Ung Messe - det er to - tre aktuelle gjennom året	1
• Lysmesse i Vangskyrkja eller Evanger kyrkje	1
• Ein gudsteneste der konfirmanten er medhjelpar	1
• Andre gudstenester - konfirmanten vel sjølv tid og stad	3
Temasamlingar - Bibel, gudsteneste, film, identitet, livsmeistring	5
Konfirmantweekend - Helgaton i januar	1
Fasteaksjon - Infosamling i februar. Innsamlingsaksjon 7. eller 8. april	2
Undervisningsgrupper - du vel ei av gruppene som er presentert i dette heftet	Resten av timane



Ten Sing-gruppa vår er plassen for deg om du likar song, musikk, dans, drama, sosiale treff og utfordringar for kropp og sjel. Ten Sing-gruppa vår er meir enn korsong, men vi ventar at alle medlemer syng i koret ein del av tida.

Øvingar i Vonheim kvar torsdag frå 18:00—21:00. Koret lagar til Ung Messe, stor konsert kvar vår og reiser på overnattingsturar.

Perf-EKTE

Perf-EKTE-gruppa har undervisningssamlingar i Vonheim eller Vangskyrkja. Samlingane vert rett etter skuletid, kl. 14:30 - ca. 16:30.

Det vert 8-10 samlingar i kvar gruppe, ei på måndagar og ei på tysdagar. Vel den dagen som passar deg best. Me tek opp tema frå livet vårt og finn ut om Bibelen kan bidra inn i våre liv.



KRIK

KRISTEN IDRETTSKONTAKT

KRIK-gruppa har ca. tre samlingar i løpet av konfirmantåret. Det er viktig at du veit at du kan vere med på desse samlingane når du melder deg på.

Sundag 19.08.: Kultursykling frå Mjølfjell til Olavskrossen.

Lardag 29.09.: Fjelltur frå Ulvik til Mjølfjell.

Mars/april: Skileik.

Her er det plass til 20 konfirmantar.

Hjelpe-T- konfirmantar

Har du lyst til å vera leiar for born på T-dagane våre? Her får du vera med å planlegga og gjennomføra trusopplæringsdagane våre neste skuleår.

Første samling vert allereie måndag 25. juni. Me startar sommerferien med ein planleggingsdag med både mat, prat, leik og planlegging. Her er det plass til 10 konfirmantar.

Nyskjerrigper- konfirmantar

Denne gruppa samlast åtte gongar på torsdagar, kl. 14:30-16:30. Er du nysgjerrig på Bibelen, lokalmiljøet, etikk, førstehjelp og livet. Då er dette gruppa for deg.



Misjon og hobby

I denne gruppa vert me betre kjende med misjonsprosjektet Voss sokn har i Norsk Misjonsselskap (NMS). Dette prosjektet handlar om landsby-utvikling i Etiopia. Me skal laga ulike ting og endar opp med ein basar til inntekt for prosjektet. Møtedag er tysdagar kl. 14:30 - 17:00. Start etter haustferien. Det vert om lag åtte samlingar.

Dette er gruppa for deg som likar å vera kreativ og som kan tenka deg å verta meir kjend med litt av Afrika og misjonsarbeidet der.

Gruppa bør ha 12 konfirmantar.

Golf-konfirmantar

Vil du prøve å ta ein tee off, bruke eit handicap, slå birdie eller bogey, ta ein wedge og lære å putta? Og vil du veta kva dette har med Bibelen å gjera? Då er golf-gruppa noko for deg.



I samarbeid med golfklubben på Nedkvitne, har me samlingane våre i klubbhuset og på golfbana. Me har både golfundervisning og bibelundervisning her.

Intensiv undervisning 13.-16. august. Deretter samlingar etter skuletid tysdagar fram til haustferien. Det er plass til 12 konfirmantar.

INFORMASJON TIL
FØRESETTE

Velkommen til samarbeid!

De som er foreldre/
føresette er viktige
medspelarar under
konfirmantførebuinga



Me har ulike
oppgåver me treng
hjelp til i løpet av
året. Både
kjøkkenteneste, ba-
king, nattevakter på
Helgatun, sjåførar
på fasteaksjonen
og liknande ting.
De kan melda frå på
innmeldinga.

Konfirmasjonsdagane

Vangskyrkja

Laurdag 04.mai	kl. 10:00	A-klassen
	kl. 12:00	B-klassen
Sundag 05. mai	kl. 10:00	C-klassen
	kl. 12:00	D-klassen
Sundag 12. mai	kl. 10:00	E-klassen
	kl. 12:00	F-klassen

Evanger

Helgetorsdag 30. mai kl. 11:00

Raundalen

Laurdag 11. mai kl. 11:00

Konfirmantar med behov for tilrettelegging

Me ynskjer at konfirmasjonstida skal vera for alle. Difor treng me veta om nokon av konfirmantane har behov for tilrettelegging på eit eller anna vis. Då kan me unngå situasjonar som kan øydelggja opplevinga for ungdomane. Me har ikkje ressursane og tilgang til informasjonen skulen har. Difor er me avhengig av ein god dialog med foreldra.

Bruk feltet på innskrivings skjemaet de finn på www.voss.kyrkja.no til å fortelje oss om det trengs assistent, tilrettelegging på lyd, lys, rullestolrampe....

Matallergiar er det òg viktig at me får veta om.

De kan òg ta kontakt med kateket Rønnaug Skjeldal (95262025).

Sjølvsagt er all slik informasjon omfatta av teieplikta til oss som er tilsett i kyrkja.



Det er veldig, veldig spesielt å være til.

I konfirmantarbeidet er me HØFLEGE og RAUSE med kvarandre og me møter kvarandre med RESPEKT.

Saman vil vi alle gjera vårt for å få ei flott konfirmanttid. Det krev di tid og heilhjarta innsats. Me har med oss fleire friviljuge som brukar av fritida si for å gje deg eit godt tilbod. Det er viktig å møta dei og alle med respekt og følgje godt opp alle beskjedar og avtalar.

Ditt ansvar er:

Å delta aktiv og ta omsyn til dei andre

Å møte opp på samlingane og vera presis

Å vera oppmerksom og tilstade (skru av elektrisk utstyr!)

i undervisningstida.

Ved påmelding skriv konfirmant , føresette og konfirmantlærar under på ein forventningsavtale.

(Kan leverast på T14-dagen/informasjonsmøtet 30. mai eller til hausten.)



Påmelding

www.voss.kyrkja.no

Påmelding til konfirmantundervisinga skjer via nettsida vår. Finn linken til konfirmantpåmelding under konfirmantfana.

Fyll inn all informasjon me ber om og klikk på "send" for å verte påmeldt. Du får stadfesting på e-post. Det er viktig at konfirmanten vel tre grupper i prioritert rekkefølge.

Nokre grupper har begrensa plass. Her kan det bli loddtrekking.

Hovudperiode for påmelding: **1. til 15. juni**. Etter 15. juni kan ein ikkje melda seg på i dei gruppene som er fulle, men me tek imot påmelding heilt til start i haust.

UTAN INTERNETT? Påmeldinga kan gjerast på kyrkjekontoret, Uttrågata 5.

INFORMASJON TIL PÅMELDINGA

I tillegg til fullt namn og adresse/postadresse må du ha klart e-post til konfirmant og foreldre, mobilnummer til konfirmant og foreldre, personnummer til konfirmanten, kor konfirmanten er født, dåpsdato og dåpskyrkje.


Om konfirmanten ikke er døypt krysser ein av for det.

Har du *spørsmål?*

Ta kontakt med
Kateket Rønnaug Skjeldal, 95262025
kateket@voss.kyrkja.no

Prest Kjersti B. Boge, 95262022
kjersti.brakest.boge@voss.kyrkja.no

Du kan òg koma innom kontoret
i Uttrågata 5 og ta ein prat.



STØRST AV ALT